



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/925 - 18/8692

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
13.03.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 185/298

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 185/298 Øykjetona 7
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Vegavdelinga stadfestar å ha motteke dykkar søknad.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig for vegavdelinga si handsaming. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå byggegrense mot veg for oppsett av mur. Søknadsskjema er å finne på <https://www.lindas.kommune.no/byggjegrense-til-veg.429500.nn.html>
2. Det er ikkje søkt om avkøyringstillatelse til offentleg veg. Søknadsskjema er å finne på <https://www.lindas.kommune.no/avkoyring-fraa-kommunal-veg.400221.nn.html>
3. Det er behov for situasjonskart som syner at siktkravet for dei som kjem ovanfrå og ned mot krysset er ivaretatt.
4. Støttemur frå c+54 til c+56 må i svingen trekkjast så langt inn at den ikkje er til hinder for sikt for dei som kjem ovanfrå. Målsett skisse som vedlegg til dispensasjon frå byggegrense mot veg må visa avstand frå ytterkant asfalt til ytterkant mur.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan [sett inn dato]. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Dersom supplerande dokumentasjon vert sendt inn i løpet av morgondagen til postmottak, med kopi til meg, skal eg forsøke å handsame den innan torsdag.

Med helsing
Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Seim Bygg AS
Terje Seim

Nesbrekka 28

5912

SEIM